



RETNINGSLINJER - BUSTADTILSKOT FOR ETABLERING

Ulstein kommune nyttar Husbanken (HB) sitt til ein kvar tid gjeldande reglement for handsaming og tildeling av kommunale bustadtilskot, jf. HB 8.B.1. I tillegg gjeld følgjande reglar for Ulstein kommune:

1. FORMÅL OG BEHOVSPRØVING (jf. HB 8.B.1, pkt. 1 og 2)

1. Tilskotsordninga gjeld vanskelegstilte husstandar med konkret bustadbehov.
2. Søknaden må vere relevant i høve behov og som bør dokumenterast med attestar frå omsorgs- / sosialetat / NAV / lækjar m. fl.
3. Husstanden må ha fast bruttoinntekt, som etter skjøn / vurdering (jf. retningslinjer frå SIFO) er tilstrekkeleg til å dekkje livsopphald og bu- /lånoutgifter.
4. Fast bruttoinntekt omfattar t.d. ordinær brutto arbeidsinntekt, kapital- / renteinntekt, barnebidrag, barnetrygd, pensjon og anna varig trygd (1 G er grunnbeløpet i folketrygda).
5. Maksimal bruttoinntekt for husstanden som *utgangspunkt* for vurdering / innvilging av søknaden er:
 - Einsleg person om lag 3,5 G kr/år, pluss om lag 0,5 G kr/år for kvart husstandsmedlem.
6. Samla lån (bustad-, utdannings- og forbrukslån) bør ikkje utgjere meir enn ca. 3 gongar bruttoinntekt.

2. KVEN KAN FÅ ETABLERINGSTILSKOT - PRIORITERING (jf. HB 8.B.1, pkt. 3)

1. Ut i frå søkjarmassen og tilskotsmidlar til rådvelde, vert søkjarar med tilråding / prioritering frå omsorgs- / sosialetat / NAV, lækjar m. fl. prioriterte ved handsaming / tildeling, jf. elles bustadsosial handlingsplan for Ulstein kommune.

3. NÆRARE OM BUSTADEN (jf. HB 8.B.1, pkt. 2)

1. Tilskotssøklar må vise til konkret prosjekt / bustad med kostnadsoverslag som grunnlag for søknad.
2. Bustaden tilskotet omfattar må vere i samsvar med plan- og bygningslova (lovleg / godkjent).

4. TILSKOTSUTMÅLING (jf. HB 8.B.1, pkt. 4)

1. Grunnlaget for tilskotsutmålinga er total kostnad ved kjøp, oppføring eller refinansiering, som skal oppgjervast i søknaden om etableringstilskot.

5. SIKRING FOR TILSKOTET (jf. HB 8.B.1, pkt. 5)

1. Etableringstilskot inntil kr. 40.000,- vert vanlegvis gjeve utan sikring av tinglyst pant i bustadeigedom.
2. Etableringstilskot kan likevel krevjast sikra med tinglyst pant i bustadeigedom (og evt. anna eigedom), dersom saka etter vurdering tilseier det, då med prioritering etter eksisterande andre lån og hefter.
3. Forsikringsattest for gjeldande bustadeigedom, jf. Lov om forsikringsavtalar av 16. juni 1989, nr. 69, skal ligge føre i samband med utbetaling av tilskotet, dersom tilskotet skal sikrast med pant.

6. SØKNAD OG SAKSGANG (jf. HB 8.B.1, pkt. 6 og 7)

1. Søknad skal skrivast på fastsett skjema, med alle naudsynte vedlegg og opplysningar som må dokumenterast med likningsutskrifter frå 3 siste åra for alle vaksne i husstanden, attestar frå arbeidsgjevarar / trygdekontor m. fl. med oversyn over inntekter og tilsettingsforhold, m.m.
2. Søknader vert som hovudregel handsama fortløpande, der tilskot opp til kr. 200.000,- kan handsamast med delegert vedtak hos administrasjonen. og tilskot over kr. 200.000,- politisk i teknisk utval.
3. Tildelt tilskot kan avkortast ved utbetaling, dersom kjøpesum og kostnader vert lågare enn føresetnaden lagt til grunn ved handsaming av søknaden.
4. Dersom konkret gjeve tilskotstilsegn skal nyttast til annan og dyrare bustad, må det søkjast på nytt.
5. 5% av innvilga tilskot vert avskrive kvart år, så lenge føresetnaden for tildelinga er oppfylt.

7. KLAGE (jf. HB 8.B.1, pkt. 6)

1. Det er høve til å klage på vedtak etter forvaltningslova sine reglar. Klaga vert først handsama av instansen som handsama søknaden (administrasjonen / teknisk utval). Dersom instansen ikkje tek klaga til følgje, vert klagesaka endeleg handsama i klageinstansen (formannskapet).
2. Det er ikkje høve til å påklage vedtaket i klageinstansen (formannskapet) vidare.